

Fra: Jan Kvingedal <jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 14.08.2023 15:21:06

Til: Liv Oda Dale <liv.oda.dale@masfjorden.kommune.no>

Emne: VS: Synfaring Einestrand bustadfelt

Kan denne mailen arkiverast på sak 19/873 og 22/641

Jan Kvingedal
-Sakshandsamar-

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 56166273, Sentralbord: 56166200
E-post: jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

Frå: Jan Kvingedal

Send: mandag 14. august 2023 13:59

Til: Andre Vabø <andre.vabo@norgeshus.no>

Kopi: 'frode@fh-maskin.no' <frode@fh-maskin.no>; Tømrar Helge Andvik <post@helge-andvik.no>; Sveinung Toft <Sveinung.Toft@masfjorden.kommune.no>; Roald Kvingedal <Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no>

Emne: Synfaring Einestrand bustadfelt

Viser til synfaring i dag 14.08.23 kl. 08.30

Innkalla: Andre Vabø, Frode Haugsvær, Jan Kvingedal, Roald Kvingedal

Møtt: Andre Vabø, Jan Kvingedal, Roald Kvingedal


Bakgrunn: Masfjorden kommune har motteke søknad om ferdigattest frå gbnr. 59/15. Ved vurderinga av denne har ein synfart infrastrukturen i feltet.

Som påpeika på synfaring manglar vegen i feltet sikring både for kjøretøy, syklistar og gåande, dette må på plass før det kan gjevast midlertidig bruksløyve/ ferdigattest for infrastrukturen i feltet. Vegen/ feltet har i dag fleire plassar der ei utforkøyring vil få store konsekvensar både for kjøretøy og dei som evt. befinn seg nedanfor. Omfanget er omtrentleg vist med raud sterk på kartet under. Tiltakshavar/ søkjar må vurdere endeleg omfang. Eit av vilkåra i løyve i adm. vedtak 180/2019 er at det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takst i bruk.

Tiltakshavar står fritt til å velgja type sikring, men glidestøpt rekkverk/ Jersey-stein montert etter ansvisning vil ivareta både bilistar og mjuke trafikkantar, slik me kan vurdere det. Stabbesteinsløyving vil ikkje vera tilstrekkeleg, då må det evt. vera ein samanhangande mur med tilstrekkeleg høgde.

Det stå og opne groper der det er sett ned kummar utan at det er gjenfylt. Desse kummane står delvis i vegarealet og må ferdigstillast, før det kan søkjast om bruksløyve/ ferdigattest. Desse er markert med blå sirkel på kartutsnittet.

Før det vert gjeve midlertid bruksløyve/ ferdigattest for noko av bustadane i feltet må nevte tiltak på plass og det må søkjast bruksløyve/ ferdigattest, då personsikkerheita for infrastrukturen i feltet ikkje er ivareteken slik det er i dag.



Jan Kvingedal
-Sakshandsamar-

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 56166273, Sentralbord: 56166200
E-post: jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>